

## Bestillingsverk til Kvemmadokkje 2019

Djønne&Børsheim er ein duo som består av folkemusikarane Rannveig Djønne på toradar og Annlaug Børsheim på hardingfele, gitar og song. Me har blitt spurt om å produsera eit bestillingsverk saman med forfattaren Ruth Lillegraven til husmannsplassen Kvemmadokkje i Ulvik i Hardanger, med urframføring 13.juli 2019.

Verket skal vare i 60 minutt der 40 minutt skal vere nykomponert musikk og tekst med utgangspunkt i manuset til Ruth Lillegraven på kring 20 minutt. Verket skal vera eit musikkteater med musikken som det bærande elementet. Me har vore så heldige få med oss skodespelarane Morten Svartveit og Kjærsti Odden Skjeldal på musikkteateret. Regien ynskjer skodespelarane, musikarane og forfattaren å ha sjølve.

Kvemmadokkje er ein husmannsplass som vart driven heilt fram til 1930. Dagens eigarar har restaurert bruket og plassen og har dei siste ti åra arrangert konsertar og teateroppsettingar der kvar sommar, m a med Leif Ove Andsnes og Juni Dahr. Sjå [www.kvemmadokkje.no](http://www.kvemmadokkje.no) for meir informasjon.

Bestillingsverket skal ta utgangspunkt i historier og hendingar frå husmannsplassen og husmannslivet i Kvemmadokkje og Hardanger. Det er samla mange historier frå Kvemmadokkje, men me er ikkje bunden opp til å bruke berre desse. Me legg opp til at det skal bli ei framsyning som kan stå fritt slik at den seinare kan spelast andre stader

Ruth Lillegraven skal skrive tekst og manus i den forma ho er best på, som er historieforteljing i diktform. Det vil bli laga ny musikk og songtekstar av duoen Djønne&Børsheim, ei blanding av instrumentalmusikk og songar inspirert av tradisjonsmusikken frå Hardanger.

### Tidsplan

Seinhausten 2018: Ruth Lillegraven startar arbeidet med manus

Seinhausten 2018/vinter 2019: Djønne&Børsheim jobbar med komponering og tekstforfatting

Mai/juni 2019: Innøving av musikk, Djønne&Børsheim

Mai/juni 2019: Innøving av manus, Svartveit/Skjeldal

2.-13.juli 2019: Preprod førestilling Svartveit/Skjeldal/Djønne/Børsheim

13. juli 2019: Urframføring i Kvemmadokkje i Ulvik herad.

Innsalg av musikkteateret til andre potensielle kundar startar på nyåret 2019.

### Om deltakarane i prosjektet

**Djønne&Børsheim** har spelt og komponert musikk saman i ti år, turnert ulike stader i Europa og Noreg, og i 2012 gav dei ut plata "Toras Dans – Populærmusikk frå Hardanger" med den kjende folkemusikaren Esbjörn Hazellius frå Sverige som produsent. Repertoaret deira er i hovudsak eigen musikk og tekst tufta på tradisjonsmusikk frå Hardanger. Dei er aktive som musikarar, komponistar og tekstforfattarar på kvar sine kantar, både som solistar og i ulike samarbeidsprosjekt.

**Annlaug Børshheim** er født og oppvaksen i Ulvik i Hardanger. No busett i Bergen. Ho er utdanna folkemusikar ved Høgskulen i Telemark og ved Ole Bull Akademiet på Voss. Den allsidige folkemusikaren skriv både eigen musikk og tekst og gav i 2010 ut sin fyrste solocd, "November" på sitt eige plateselskap. Den siste tida har ho jobba mykje med tekstar av Per Olav Kaldestad som ho har skreve musikk til. Dette er tekstar og musikk for born som kom på plate i 2016 med trioën hennar Morgonfrosken. Av andre forfattarar ho samarbeider med kan nemnast Ragnar Hovland, Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez. Annlaug hadde i 2016 statens kunstnarstipend i kategorien populærkomponist.

### **Rannveig Djønne**

Rannveig Djønne kjem frå Ullensvang i Hardanger. Djønne vert omtala som ein nyskapande toradarspelar med eit solid fotfeste i tradisjonsmusikken frå Hardanger og Voss. Folkemusikkutdanninga har ho frå Ole Bull Akademiet på Voss. Debututgjevinga, "Spelferd heim" (2008) hausta strålende meldingar. I 2011 komponerte Djønne m.a. ei folkemusikkmesse for Hardanger på oppdrag frå Ullensvang kyrkje. Denne messa er mykje nytta også i dag. I 2011 fekk Djønne Sparebanken Vest sitt kunstnarstipend innan kategorien "lyd". Særleg hennar evne som komponist vart framheva I grunngjevinga. I 2014 skreiv Djønne musikken til framsyninga "Soga om Seselja" basert på Ruth Lillegraven si kritikarroste bok "Urd". "Soga om Seselja" hadde urframføring i 2014 og vart synt mykje rundt om i landet, m a på Litteraturfestivalen på Lillehammer og på Vossajazz i 2016. Djønne har turnert over store delar av Noreg, samt Tyskland, Italia, Skottland, USA, Austerrike og Canada.

**Ruth Lillegraven** er født i 1978 i Granvin i Hardanger, og er i dag busett i Bærum. Ho debuterte som forfattar med diktsamlinga Store stygge dikt i 2005. Sidan den gong har ho gitt ut i alt 10 eigne bøker for barn og vaksne, dei fleste diktsamlingar, i tillegg til fire biletbøker og ein roman. Hausten 2018 kjem bok 11 og 12 i rekkja. I 2013 fekk Lillegraven Brageprisen for diktsamlinga Urd (i klassen skjønnlitteratur for vaksne). Tre år seinare fekk ho Nynorsk Litteraturpris for ei annan diktsamling, Sigd. Hennar første diktsamling for barn, Eg er eg er eg (2016) blei nominert til både Brageprisen og Kritikarprisen. Våren 2018 debuterte Lillegraven som dramatikar med stykket Cally på Det Norske Teatret. Stykket hausta gode kritikkar og blir sett opp på ny hausten 2018. Lillegraven har også hatt fleire samarbeid med musikarar. Det første var Urd, der ho samarbeidde med Rannveig Djønne og Tuva Syvertsen (urpremiere på Nynorskens hus, november 2014). Sidan kom Sigd, i samarbeid med Benedicte Maurseth (urpremiere på Hardanger musikkfest, mai 2016). I begge desse produksjonane har Lillegraven stått for tekstframføring, i tillegg til sjølve teksten.

**Morten Svartveit** er født og oppvaksen på Voss, og er no busett i Oslo. Han er skodespelar med utdanninga si frå The Russian Academy of Theatre Art (2008) og har mange år med erfaring fra ulike teater, spelefilm og TV-seriar. Morten var våren 2018 aktuell i NRK si dramasatsing Heimebane. Han har eit vidt spenn frå barneteater, gjennom musikal til seriøse dramaer. Morten har vore tilsett ved Det Norske Teater sidan 2013..

***Kjærsti Odden Skjeldal*** er født og oppvoksen i Fredrikstad, og er nå bosatt i Oslo. Hun er utdannet ved Teaterhøgskolen, Kjærsti er utdannet ved Teaterhøgskolen, The Russian Academy of Theatre Arts - GITIS og Statens Teaterhøgskole, KHiO. Hun har etter endt utdanning vært tilsett ved ved Grusomhetens Teater, Akershus Teater, Nordland Teater, Agder Teater, Det Norske Teatret, Tigerstadsteatret og Rogaland Teater. Hun har også vært med i flere filmproduksjoner, mellom annet Joachim Trier's "Oslo, 31. august".